

# Eksamen

11.11.2020

ISF2001 Drift og vedlikehold / Drift og vedlikehold

**Programområde: IKT-servicefag**

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>I vurderinga vil det bli lagt vekt på det følgande:</p> <p>For at kandidaten skal få karakteren 2:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kandidaten må kunne gi att konkret kunnskap frå emne i faget som ein kan knyte til situasjonsskildringa.</li></ul> <p>For at kandidaten skal få karakteren 3 eller 4:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kandidaten må kunne forklare konkret kunnskap frå faget.</li><li>• Kandidaten må kunne sjå samanhengen mellom situasjonsskildringa og relevant fagkunnskap.</li></ul> <p>For at kandidaten skal få karakteren 5 eller 6:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kandidaten må kunne vurdere og bruke konkret kunnskap frå faget.</li><li>• Kandidaten må kunne sjå samanhengen mellom situasjonsskildringa og relevant fagkunnskap, samt å bruke denne kunnskapen til å vurdere og analysere situasjonsskildringa</li></ul>

## Situasjonsskildring

Du er tilsett i IKT-firmaet EffektivIT som tilbyr konsulenttenester innanfor IKT for små og mellomstore bedrifter.

BliSprek er eit mindre helsestudio som lenge har vurdert å utvide tilbodet både innan trening og innan tilknytte helsetenester. Dei ønsker tips og råd til moderne marknadsføring for å trekke til seg fleire kundar.

BliSprek har fått tilbod om nye og større lokale i eit nytt næringsområde ein skal bygge ut. Dei skal derfor investere i eit heilt nytt IKT-system.

BliSprek vil etter flyttinga ha 3 avdelingar:

- Administrasjon (leiing og seljarar, 3 tilsette)
- Trening (instruktørar og personlege trenarar, 6 tilsette)
- Helse (kiropraktor, osteopat og massør, 3 tilsette). Helse skal ha særskilt kompetanse på idrettsskadar. Dei vil også ta imot andre pasientar med andre belastningsskadar.

Nettverksinfrastruktur med tilgang til Internett vil bli gjort klart.

## Oppgåve 1

- a) Kva er lokalnettverk?
- b) Kva er peer-to-peer-nettverk, og kvifor bruker nokre bedrifter dette i staden for serverbaserte nettverk?
- c) Gi ei oversikt over dei viktigaste fordelane og ulempene ein oppnår ved å installere lokalnettverk i ei bedrift som BliSprek.

## Oppgåve 2

Lag ein plan for å sette opp eit lokalnettverk som dekker behova til BliSprek.

## Oppgåve 3

- a) Kva er datasikkerheit?
- b) Kvifor er datasikkerheit viktig?
- c) Grei ut sikkerheitstiltak som bør bli sette i verk i BliSprek sitt lokalnettverk.

## Oppgave 4

Kva er dei viktigaste forskjellane på eit nettverksoperativsystem og eit operativsystem for frittstående maskiner?

## Oppgave 5

- a) Lag eit forslag til heimekontorløyising for tilsette i administrasjonen.
- b) Forklar korleis ein feilsøker nettverkstilkoplingar steg for steg.

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>I vurderingen vil det bli lagt vekt på følgende:</p> <p>For at kandidaten skal få karakteren 2:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kandidaten må kunne gjengi konkret kunnskap fra emner i faget som kan knyttes til situasjonsbeskrivelsen.</li></ul> <p>For at kandidaten skal få karakteren 3 eller 4:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kandidaten må kunne forklare konkret kunnskap fra faget.</li><li>• Kandidaten må kunne se sammenhengen mellom situasjonsbeskrivelsen og relevant fagkunnskap.</li></ul> <p>For at kandidaten skal få karakteren 5 eller 6:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kandidaten må kunne vurdere og anvende konkret kunnskap fra faget.</li><li>• Kandidaten må kunne se sammenhengen mellom situasjonsbeskrivelsen og relevant fagkunnskap, samt å anvende denne kunnskapen til å vurdere og analysere situasjonsbeskrivelsen</li></ul>

## Situasjonsbeskrivelse

Du er ansatt i IKT-firmaet EffektivIT som tilbyr konsulenttenester innen IKT for små og mellomstore bedrifter.

BliSprek er et mindre helsestudio som lenge har vurdert å utvide tilbudet både innen trening og innen tilknyttede helsetjenester. De ønsker tips og råd til moderne markedsføring for å trekke til seg flere kunder.

BliSprek har fått tilbud om nye og større lokaler i et nytt næringsområde som skal bygges ut. De skal derfor investere i et helt nytt IKT-system.

BliSprek vil etter flyttingen ha 3 avdelinger:

- Administrasjon (ledelse og selgere, 3 ansatte)
- Trening (instruktører og personlige trenere, 6 ansatte)
- Helse (kiropraktor, osteopat og massør, 3 ansatte). Helse skal ha særskilt kompetanse på idrettsskader. De vil også ta imot andre pasienter med andre belastningsskader.

Nettverksinfrastruktur med tilgang til Internett vil bli klargjort.

## Oppgave 1

- a) Hva er lokalnettverk?
- b) Hva er peer-to-peer-nettverk, og hvorfor bruker noen bedrifter dette i stedet for serverbaserte nettverk?
- c) Gi en oversikt over de viktigste fordelene og ulempene man oppnår ved å installere lokalnettverk i en bedrift som BliSprek.

## Oppgave 2

Lag en plan for å sette opp et lokalnettverk som dekker behovene til BliSprek.

## Oppgave 3

- a) Hva er datasikkerhet?
- b) Hvorfor er datasikkerhet viktig?
- c) Grei ut sikkerhetstiltak som bør iverksettes i BliSprek sitt lokalnettverk.

## Oppgave 4

Hva er de viktigste forskjellene på et nettverksoperativsystem og et operativsystem for frittstående maskiner?

## Oppgave 5

- a) Lag et forslag til hjemmekontorløsning for ansatte i administrasjonen.
- b) Forklar hvordan man feilsøker nettverkstilkoblinger steg for steg.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)